



Rutebilhistorisk Forening Avd. Sogn og fjordane

Årsmøte til RHF avd Sogn og Fjordane

Det vert med dette kalla inn til årsmøte på Skei Servicesenter laurdag
28.03.2026. kl. 13.00.

Sakliste:

- 1 Opning
- 2 Valg av møteleiar, sekretær og 2 til å undertegne møteprotokollen.
- 3 Godkjenning av innkalling
- 4 Årsmelding 2025
- 5 Rekneskap 2025
- 6 Budsjett 2026
- 7 Innkomne saker
- 8 Valg av styre og revisorar
- 9 Valg av valnemnd

**Saker de vil ta opp på årsmøte, må vera komne inn til styret
innan 20.03.2026.**

Buss frå FB kl. 12.00 og buss frå Sogndal kl. 12.00.

Innkomne saker; tomtekjøp/hall og finansiering

Det vert matservering etter årsmøte.

For styret
Bjarne Horsevik
- leiar -



avd Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING 2025

Styret har vore samansett slik:

| | | |
|--------------|---|---------------|
| Leiar: | Bjarne Horsevik | ikkje på valg |
| Nestleiar: | Steinar Følling | på valg |
| Kasserar: | Per Lien | på valg |
| Sekretær: | Vidar Læg Reid | ikkje på valg |
| Styremedlem: | Eivind Bell | ikkje på valg |
| Styremedlem: | Jan Ove Hårklau | på valg |
| Styremedlem: | Jonfinn Alme | på valg |
| Vara: | Olav Grinde | på valg |
| Vara: | Ivar Møgster | på valg |
| Revisorar: | Reidar Holsen og Endre Hellebust | på valg |
| Valnemnd: | Kurt Magne Neset (leiar), Audun Hovland, Oddmund Frøysland | |

Møter/medlemstall m.m.

Vi har i 2025 hatt 3 styremøter og behandla 29 saker. Saker vi har behandla; årsmelding, turkøyring, landstreffet i Haugesund, arbeid i Rustholet, tomtekjøp, lagerplass for busdeler og arven etter Bjørn, ferdigstilling av S-1967, vervebrosjyre og landstreffet i 2026 på Dal-Leto arena. Ved utgangen av året 2025, har vi 172 medlemmer. Økonomien har vore sak på kvart møte og den er bra.

Arrangement i 2025:

Vi har vore på landstreffet i Haugesund med bussane TV-37939, S-7013, S-1932, S-3020, S-3136 og TV-38387. Det var mange medlemmer med frå Sogn og Fjordane. Tur til storbiltreffet på hestegarden i Breim og Skjærgårdstreffet i Askvoll.

Turar:

Det har vore bryllaupskøyning i Haukedalen, på Sandane og i Lærdal. Blåtur med pensjonister frå Jølster og vi har køyrt for Trøkk n' Truck. Medlemstur til Breheimen i Jostedalen og køyning for Coop på Byrkjelo under contrytreffet på Breim. Så var vi på julebord på Oset høgfjellshotell.

Ei stor takk til alle som har vore sjåførar på desse turane.

Vinterlagring.

TV-11916, TV-37939, S-7097 står i Bygstad. S-7038 står i Haukedalen i garasjen til Firda Billag. S-1967 og S-1932 står i rustholet. S-3020, S-3136 og TV 38387 står i garasje på Hafslo. S-22 står i oppvarma garasje i Lærdal, S-7013 står i garasje hjå Firda Billag på Sandane.

Arbeid med bussane:

S-1932 arbeider vi med 3 ruter, som er punktert og med golvbelegget framme i bussen. S-7097 har vi skifta pakningar i bremse/hovudsyylinder og pakningar i bremsesyndarane framme. S-359 har vi renoverert motor og skifta vannpumpe. S-1967 er no klar for EU-kontroll. Eivind Bell og Helge Madsen har gjort ein kjempejobb med TV-11916 etter at dei henta han i Bygstad. Spenninga var om dei klarte å løyse clutchen på bussen, men det gjorde dei. Det har og vore service på bussen. Dei har og skeina opp S-1932.

Økonomi:

Rekneskapen for 2025 viser eit overskudd på kr. 263.015. Stønad frå NHO Vestland for 2025, som var på kr. 20.000, vart ikkje utbetalt før i 2026. Det har ikkje vore store utgifter på bussane i år. Bakgrunnen for det store overskuddet er bl.a. at vi har selt Harastølbilen S-359 og fått

utbet. Kulturmidlar for S-1967. Det er bra å ha overskudd, når ein arbeidar med tomt til bygget for å ha bedre lagerplass for bussane. Viser elles til tal i rekneskapen.

Sponsorer:

Firda Billag, Toyota Nordfjord/Førde, Biltreff A/S, Magne Hafstad A/S, Sunnfjord Betong A/S, Førde Sementvare A/S, Fellesforbundet Sogn og Fjordane, TruckNor Firda A/S, Førde Vulk A/S, Bildeler Førde A/S, Tide Buss Sogn, Firdaklubben, YTF, Luster Kommune, NHO Vestland, TruckNor Kaupanger, Solberg trafikkskule, Lærdal kommune, gåve frå Luster Sparebank og frå Sogn Sparebank. Vi har fått kulturmidler frå Sunnfjord Kommune. Skei Servicesenter sponsar møtelokale og mat til alle årsmøtedeltakarane.

RHF/SFJ retter ei stor takk til alle desse!!!!

Arbeid i rustholet:

Arne Ødegård, Bjarne Horsevik, Jan Ove Hårklau, Gunnvard Smådal, Ivar Møgster, Audun Hovland, Roald Herstad, Endre Hellebust, Steinar Følling, Eivind Bell og Helge Madsen. Så ei stor takk nok ein gang til Jon Frøysland, som i mange år har passa på tomflasker og panta dei.

Vi vil rette ei stor takk til alle, som har vore med å jobba for klubben i 2025.

Bjarne Horsevik

Steinar Følling

Per Lien

Vidar Læg Reid

Eivind Bell

Jan Ove Hårklau

Jonfinn Alme

Olav Grinde

Ivar Møgster